

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 04.10.2006
Sakhandsamar: Ingvill Skogseth
Saka gjeld: **Organisering av kar- og lungekirurgi i Helse Vest - Revidert framlegg til vedtak**

Arkivsak 0
2005/130/321
Styresak 091/06 B

Styremøte 11.10. 2006

Bakgrunn:

Det blir vist til sak B 06/68 Protokoll fra styremøte 20. juni 2006 med følgjande kommentar:

Styret ønska at sak 57/06 B vart lagt fram til ny handsaming på neste styremøte i oktober 2006.

Etter nærmere drøftingar med representanten Helge Espelid blir saka lagt fram på nytt med endra ordlyd i punkt 1 i vedtaket.

Saksframlegget er uendra og ligg som vedlegg til denne saka.

Kommentarar:

Styret i Helse Vest RHF behandla i styremøte den 20. juni 2006 som sak 57/06 Organisering av kar- og lungekirurgi i Helse Vest og gjorde følgjande vedtak (samrøystes):

1. *Det blir etablert to karkirurgiske sentra; eit i Bergen og eit i Stavanger. Senteret i Stavanger dekker Helse Stavanger og Helse Fonna og senteret i Bergen dekker Helse Bergen og Helse Førde.*
2. *Det blir etablert eit regionalt sentrum ved Haukeland universitetssjukehus og eit sjukehus med selektert spektrum av generell thoraxkirurgi ved Stavanger universitetssjukehus.*
3. *Det blir utarbeida avtale mellom helseforetaka som regulerer oppgåvefordelinga.*

Frå styret blei det påpeika at ordlyden i punkt 1 kunne mistolkast og burde skrivast om. Det blei bedt om nytt forslag til vedtak slik at organiseringa og samarbeidet blei ivaretatt i høve til punkt 3 i vedtaket.

I nytt forslag til vedtak er det teke omsyna til dei påpeikingane som vart gjort i førre styremøte.

Punkt 1 i vedtaket seier framleis at det blir etablert to karkirurgiske sentra. Det eine skal dekke Helse Stavanger og Helse Fonna og det andre skal dekke Helse Bergen og Helse Førde.

Punkt 2 i vedtaket er ikkje endra.

Punkt 3 i vedtaket står også ved lag. Det skal utarbeidast avtaler mellom helseføretaka i tråd med punkt 1 og 2 i vedtaket. Avtalane mellom helseføretaka som regulerer oppgåvefordelinga må sikra at tenestetilboden blir gitt på ein god og hensiktsmessig måte. Vi ser det som naturleg at Helse Bergen tar initiativ overfor Helse Stavanger for å utarbeide avtale om oppgåvefordelinga på området thoraxkirurgi.

Vidare ser vi det som naturleg at Helse Bergen tar initiativ overfor Helse Førde og Helse Stavanger overfor Helse Fonna for å utarbeide avtale på området karkirurgi.

Forslag til vedtak:

1. Det blir etablert to karkirurgiske sentra der det eine dekker Helse Stavanger og Helse Fonna og det andre dekker Helse Bergen og Helse Førde.
2. Det blir etablert eit regionalt sentrum ved Haukeland universitetssjukehus og eit sjukehus med selektert spektrum av generell thoraxkirurgi ved Stavanger universitetssjukehus.
3. Det blir utarbeida avtale mellom helseføretaka som regulerer oppgåvefordelinga.